



Barne- likestillings-og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Att:

Dykkar ref	Vår ref (oppgje ved svar)	Arkivopplysningar	Dato
	12/7865	12/17-7 / 231 / F4 /	26.07.2012

Høyringsuttale vedr.framlegg til endringar i lov om barn og foreldre. Samvær under tilsyn av offentleg oppnemnt tilsynsperson

Nedanfor følgjer Gloppen kommune si uttale i høve endringsframlegget. Uttalen er gjeven som ein administrativ uttale, men vil bli lagt fram for Oppvekstutvalet til orientering.

Bakgrunn for saka:

Barne-og likestillingsdepartementet foreslår ei endring i lov om barn- og foreldre (barnelova) som får nokre konsekvenser for den kommunale barneverntenesta.

Barnelova er ei sivilrettsleg lov som regulerer m.a. kven barnet skal ha fast bustad hjå og kva samvær som skal gjelde når foreldra ikkje bur saman. Den kommunale barneverntenesta er **ikkje** part i desse sakene.

Hovudregelen er at born og forelde har ein gjensidig rett til samvær. I nokre saker er det likevel naudsynt å legge avgrensingar på denne samværsretten. Dette kan domstolen gjere når dette vert vurdert å være til barnets beste. Slike avgrensingar kan være for eksempel være samvær med tilsyn og samværsnekt.

Endringsframlegget gjeld saker der retten vil pålegge tilsyn under samvær. Forslaget inneber to ulike tilsynsformer. Dette er pålegg om "støttet tilsyn" og pålegg om "beskyttet tilsyn".

"Støttet tilsyn" skal settast i verk og følgjast opp av familievernet. "Beskyttet tilsyn" skal settast i verk og følgjast opp av det kommunale barnevernet. Det er berre det siste alternativet som vert drøfta hert.

"Beskyttet tilsyn" skal kunne settast i verk i saker der det er problematikk knytt til rus, vald og alvorleg psykiatri, men der noko samvær likevel er vurdert å vere til barnets beste. Barneverntenesta i Gloppen er i dag direkte involvert i 5 saker der "beskytta tilsyn" truleg hadde blitt resultatet om desse hadde blitt brakt inn for domstolen.

Departementet legg opp til at retten kan pålegge kommunen å oppnemne tilsynsførar i inntil 16

timar pr. år. I tillegg vert det forutsett at ein del av desse familiare skal ha oppfølging utover dette og at det er barneverntenesta som skal bistå med det.

Departementet hevdar at dette vil gjelde eit fåtall pr. saker pr. år og at kostnaden i samband med dette vert marginal.

Vurdering

Forslaget slik det ligg føre gjev eit betre vern for dei mest sårbare borna enn dagens ordning legg opp til.

Det er likevel vår vurdering at departementet undervurder tal saker der slikt pålegg vil bli vurdert. Sjølv om terskelen for å nekte samvær skal bli lågare, vil ei lovendring som skissert, truleg føre til at fleire private partar vil prøve slike saker for domstolen med påstand om "beskyttet tilsyn". I tillegg er det grunn til å tru at fleire saker der domstolen i dag nektar samvær, vil komme ut med ei avgjerd om "beskyttet samvær".

Det er og grunn til å peike på at kommunane i liten grad har eigna lokaliteter for gjennomføring av slikt samvær og difor må ut på leigemarknaden. Ein del av samværa må og gå føre seg på helg og elles utanom ordinær arbeidstid.

Det må og leggest til at desse sakene ofte har i seg ein problematikk som tilseier at ein må bruke særleg kompetente folk til å gjennomføre tilsynet. Dette betyr at ein enten må nytte eigne tilsette i barneverntenesta til oppdraget, eller kjøpe tenesta til ein høg timepris. Truleg vil det og bli ein del føre- og etterarbeid knytt til slike tilsyn.

Det kan og reisast ei prinsipiell innvending mot at den kommunale barneverntenesta skal kunne påleggast ei oppgåve og ein kostnad etter avgjerd i ei sivil sak der kommunen ikkje er part. Denne innvendinga må likevel ikkje føre til at ein forkastar eit framlegg som i utgangspunktet gjev godt vern av dei mest sårbare borna. Prinsipielt bør likevel kostnadane ved slik saker dekkast av partane. Erfaring tilseier at det oftast ikkje er mogleg. Gloppen kommune meiner at dette kan løysast ved at det vert oppretta ei ordning med statleg refusjon av kostnader i slike saker. Ei slik ordning vil og føre til at kommunar som får mange slike saker ikkje må prioritere desse sakene føre ordinære barnevernsaker.

Konklusjon:

Gloppen kommune stør framlegget til endringar i lov om barn og foreldre. Kommunen ber likevel departementet vurdere om det bør innførast ei statleg refusjonsordning for kommunen sine utgifter knytt til slike saker.

Med helsing

Bjarte Gangeskar
barnevernsleiar
tlf. 913 93 577

Kopi til:

Olav Fure, oppvekssjef



GLOPPEN KOMMUNE

«SOA_NAVN»